


## Varsling om planendring - Plan R59 Reguleringsplan Eikehaugen Bustadfelt Fister, gnr/bnr 74/28 mfl.

I medhald av plan -og bygningslova § 12-14 blir det varsla oppstart av reguleringsendring for «R59 Reguleringsplan for Eikehaugen Bustadfelt Fister, gnr/bnr 74/28 mfl.» som ble vedtatt 12.12.2012.

### Forslag til planendring går ut på:

- Eigedom gnr/bnr 74/69 vert utvida mot nord og tidlegare bustadareal regulerast til grønstruktur.
- Gang- og sykkelveg vert lagt om og tilpassa eksisterande terrengkotar.
- Resterande areal på tidlegare regulert bustadtomt regulerast til anna veggrunn – grøntareal og landbruk.
- Vegarealet i plankartet, mellom tomtene gnr/bnr 74/69 og 74/54, blir justert til der vegen faktisk går i dag.
- Byggegrenser tilhøyrande eigedom gnr/bnr 74/69 vert utvida til 4,0 m frå køyrevog og 1,0 m frå tomtegrense i sør for å leggja til rette for garasje.
- Byggegrense tilhøyrande eigedom gnr/bnr 74/54 vert justert i søraust til 4,0 m frå omregulert køyrevog.



Illustrasjon av foreslått planendring til venstre, og dagens reguleringsplan til høgre.

Forslag til planendring føre til endring av føresegn §1 Bygningar og anlegg - Utbyggningsrekkefølge. Det er i gjeldande føresegner gitt en utbyggningsrekkefølge for resten av feltet. Denne skal tas ut av planen, slik at det ikkje er noko utbyggningsrekkefølge.

### **Ein søker om å behandle endringa som forenkla prosess jf pbl § 12-14.**

Ein vurderer det slik at endringa vil i liten grad påverke gjennomføring av planen fordi planendringa berre dreier seg grensejusteringar som høyre til eigedom 74/69 ift. tilgrensande bustadtomt som går ut, samt omlegging av regulert gang- og sykkelveg og køyreveg som følge av grensejusteringa.

Endringa vil ikkje gå ut over hovuddrammene i planen fordi det berre føreslår grensejustering av to tomtar og omlegging av allereie regulert køyreveg og gang- og sykkelveg.

Med utgangspunkt i at forslaget til planendring vurderast å ikkje ha negative verkingar for gjennomføringa av planen, hovuddrammene i planen og natur- og friluftsområda, er vilkåra for ein forenkla behandling tatt hand om så fremt det ikkje kjem inn merknader av vesentleg karakter i varslingsperioden.

### **Info om saksgang**

Innkome merknader blir vurdert og forslag til endring kan eventuelt bli justert før søknaden blir sendt til kommunen for behandling som ei reguleringsendring. Etter vedtak i kommunen vil aktuelle parter få tilsendt informasjon om vedtaket.

Mindre reguleringsendringar har enklare planprosess enn vanleg reguleringsplan. Dersom det kjem inn motsegn el merknader av vesentleg karakter for saken, kan endringsforslaget i staden måtte behandlast som ei vanleg reguleringsendring med ny høyring. I så fall er dette brevet å sjå på som ei varsling av planoppstart etter plan- og bygningsloven § 12-8.

### **Merknader til planforslaget**

Frist: 04.10.2023

Sendast skriftleg til Vibeke Fardal på [vibeke.fardal@headenergy.no](mailto:vibeke.fardal@headenergy.no), eventuelt kopi til [postmottak@hjelmeland.kommune.no](mailto:postmottak@hjelmeland.kommune.no).

### **Ev spørsmål og informasjon om søknad:**

[vibeke.fardal@headenergy.no](mailto:vibeke.fardal@headenergy.no)

Med venleg helsing

Vibeke Fardal

**HEAD**  
ENERGY